



Arkivnr: 2018/7385-5

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		12.06.2018

Bompengereforma - overføring av garantiar til Ferde AS

Samandrag

Det regionale bompengeselskapet Ferde AS arbeider med å kjøpe opp eksisterande bompengeselskap. Planen er å fusjonere dei eksisterande bompengeselskapa inn i Ferde AS. Garantiar som fylkeskommunen har gjeve dei ulike bompengeselskapa må dermed overførast til Ferde AS.

I saka vert det rådd til at fylkeskommunen stiller sjølvskuldnargaranti overfor Ferde AS for følgjande prosjekt:

- Jondalstunnelen
- Fastlandssamband Halsnøy
- Bømlopakken
- Kvammapakken
- Vossapakken
- Hardangerbrua
- Nordhordlandspakken
- Årsnes ferjekai

Økonomi: Ingen direkte effekt. Garantirisikoen vert vurdert som uendra.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ikkje direkte kopla mot regional planstrategi, men oppfølging av statlege reformer i bompengesektoren.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Jondalstunnelen
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 50 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2024.

2. Fastlandssambandet Halsnøy
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 130 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2023.
3. Bømlopakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 600 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
4. Kvammapakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 370 mill. kr.
Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
5. Vossapakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 610 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
6. Hardangerbrua
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 430 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2029.
7. Nordhordlandspakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2032.
8. Årsnes ferjekai
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 16 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2026.
9. Ved garantistilling overfor Ferde AS fell tidlegare vilkår om aksjemajoritet og styrefleirtal i bompengeselskapa bort.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.05.2018**Bakgrunn**

Stortinget har vedteke reformer i bompengesektoren. Det er eit mål å redusere talet på bompengeselskap. Flest mogleg av eksisterande selskap skal leggjast inn under regionale bompengeselskap. Ferde AS er etablert av fylkeskommunane Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Ferde AS arbeider med å kjøpe opp eksisterande bompengeselskap. I denne prosessen må lån og garantiar overførast til Ferde AS.

Fylkestinget godkjende i mars (sak 13/2018) overføring av garantiar til Ferde AS for fire bompengeprojekt, der fylkeskommunen hadde gjort vedtak om sal.

Ferde AS har arbeidd vidare med oppkjøp av selskap. I denne saka rår fylkesrådmannen til at fylkestinget godkjenner overføring av garantiar for dei resterande bompengeselskapa. Dette gjeld:

- Jondalstunnelen
- Fastlandssamband Halsnøy
- Bømlopakken
- Kvammapakken
- Vossapakken
- Hardangerbrua

Bortsett frå Bømlopakken, har alle dei nemnde prosjekta starta nedbetaling av låna i høve til tidlegare vedtekte garantirammer. Fylkesrådmannen rår difor til at ein kan justere garantirammene ned mot det beløpet som kvart av selskapa hadde i lån ved siste årsskifte.

Fylkestinget har også vedteke å garantere for lån som Nordhordlandspakken AS skulle ta opp. Dette selskapet er under avvikling. Ferde AS skal ta over, før det er teke opp lån og stilt garanti. Det vert i saka rådd til å gjere nytt vedtak om garanti overfor Ferde AS.

Hordaland fylkeskommune har sjølv vore «bompengeselskap» for Årsnes ferjekai og teke opp lån til prosjektet. For at også dette prosjektet skal kunna overførast til Ferde AS, rår fylkesrådmannen til at fylkeskommunen garanterer for lånet.

Det har tidlegare vore eit prinsipp at Hordaland fylkeskommune skulle ha aksjefleirtal og fleirtal i styra hos bompengeselskapa som ein garanterte for. Dette kravet kan ikkje vidareførast overfor Ferde AS, der fem fylkeskommunar eig 20 % kvar. Fylkesrådmannen foreslår eit eige punkt i forslaget til innstilling som presiserer dette.

I «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier» er det stilt krav om at vedtak alltid skal «angi garantiens varighet». Garantitida kan ikkje strekkje seg utover 2 år frå forfall av fordringa. I fleire av dei tidlegare vedtaka er det oppgjeve tal år garantien skal gjelde. I denne saka har fylkesrådmannen oppgjeve årstal, då det vert meir oversiktleg. I mange tilfelle kan det gå fleire år frå fylkestinget gjer vedtak til bompengeselskapa tek opp lån og garantierklæring vert underteikna.

Ut over dette legg ein ikkje opp til å gjere nemnande endringar i garantiane i høve til vedtaka fylkestinget tidlegare har gjort.

Risikovurdering

Etter fylkesrådmannen si vurdering vert ikkje risikoen endra etter overføringa. Oppretting av Ferde AS er langt på veg ei teknisk endring – i samsvar med bompengereforma, vedteken av Stortinget. Sjølv om Hordaland fylkeskommune sin eigardel i Ferde AS er lågare – 20% mot tidlegare minst 50% i dei ulike

selskapa, vurderer fylkesrådmannen garantirisikoen som uendra. Prosjekta som ligg til grunn for selskapa sine låneopptak er uendra av eigarskiftet og dette er avgjerande for fylkeskommunen sin garantirisiko.

Bortsett frå Nordhordlandspakken og Bømlopakken, er dei andre prosjekta som er med i denne saka godt i gang med å nedbetale låna. Ein kan dermed setje ned garantisummene med til saman 655 mill. kr.

Nærare om garantiane som skal overførast

Jondalstunnelen

Fylkestinget gjorde vedtak om å gje simpel garanti for lån på inntil 125 mill. kr i sak 79/04. I fylkestingsak 24/09 vart garantien gjort om til sjølvskuldnargaranti.

Lånet som fylkeskommunen har garantert for i Kommunalbanken er pr. 31.12.2017 nedbetalt til 47,2 mill. kr. Løpetida for lånet er fram til 20.12.2023, men det er venta at lånet vil vere nedbetalt i god tid før dette.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å gje garanti overfor Ferde AS på inntil 50 mill. kr, med tillegg av 10 % til påløpte renter og kostnader. Garantiperioden strekkjer seg til utgangen av 2024.

Fastlandssambandet Halsnøy

Fylkestinget vedtok å gje simpel garanti for inntil 220 mill. kr i sak 71/03. Det vart sett eit vilkår om at fylkeskommunen skulle ha meir enn 50 % av aksjane i selskapet.

I fylkestingsak 16/11 vart garantien gjort om til sjølvskuldnargaranti.

Selskapet har lån i Kommunalbanken. Lånet er nedbetalt til 129,8 mill. kr.

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen garanterer for lån på inntil 130 mill. kr. Garantiperioden strekkjer seg til utgangen av 2023. Vilkåret om at Hordaland fylkeskommune skal ha aksjefleirtal må falle bort når Ferde AS tek over.

Bømlopakken

Fylkestinget gjorde i sak 9/09 vedtak om å garantere for lån på inntil 350 mill. kr. I sak 54/16 vart garantisummen auka til 600 mill. kr.

Selskapet har lån i Kommunalbanken og KLP på til saman 600 mill. kr.

Det vert lagt fram eiga sak om utvida bompengepakke på Bømlo. I den nye pakken vert lånesummen auka, det vert oppretta fleire bomstasjonar og innkrevjingsperioden vert utvida. I fall det skulle trekkje ut i tid før alle brikkene i den nye pakken er på plass, rår fylkesrådmannen fylkestinget til å gjere vedtak om at eksisterande garanti kan overførast til Ferde AS.

Kvammapakken

Fylkestinget gjorde i sak 65/08 vedtak om å gje sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 370 mill. kr. Garantiperioden var inntil 19 år.

Lånet selskapet har i dag i KLP er på 300 mill. kr, med forfallsdato 19.03.2029.

Det pågår framleis arbeid på nokre av prosjekta i Kvammapakken. Fylkesrådmannen rår til at ein held fast ved den opphavlege garantisummen på 370 mill. kr, og at garantien maksimalt gjeld ut 2030.

Vossapakken

Fylkestinget gjorde i sak 23/09 vedtak om å gje sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 780 mill. kr. Garantiperioden var inntil 20 år.

Selskapet hadde ved siste årsskifte lån på totalt 610 mill. kr. Gjelda var fordelt på to sertifikatlån og eit langsiktig lån i Kommunalbanken. Lånet i Kommunalbanken skal vere nedbetalt seinast i februar 2029. Men prognosane tilseier at bompengeselskapet sine lån vil vere nedbetalt fleire år tidlegare.

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget no gjev garanti for inntil 610 mill. kr, med tillegg av 10 % til påløpte renter og kostnader. Utløpet av garantiperioden vert sett til utgangen av 2030.

Hardangerbrua

Fylkestinget garanterte i sak 80/04 for 1 300 mill. kr (2004-kr). I sak 59/12 vart summen oppjustert. Fylkestinget gjorde då følgjande vedtak:

«Fylkestinget godkjenner at garantisummen for lån som Hardangerbrua A/S skal ta opp vert oppjustert til 1 750 mill. kr. Garantien gjeld fram til bompengelånet er nedbetalt, men maksimum til utgangen av 2029.»

Ved siste årsskiftet var gjelda redusert til 1 430 mill. kr. Selskapet har lån på 760 mill. kr i Kommunalbanken og i tillegg fire sertifikatlån.

Fylkesrådmannen rår til at garantisummen no kan setjast ned til 1 430 mill. kr, med tillegg av 10 % til påløpte renter og kostnader.

Det har vore knytt noko uvisse til om ein vil makte å betale ned all gjeld på dette prosjektet i løpet av ein innkrevjingsperiode på 15 år. I det siste har trafikken vist god vekst og fylkesrådmannen rår til at ein held fast ved 2029 som utløpsår for garantien.

Nordhordlandspakken

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i sak 8/16:

1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr som Nordhordlandspakken AS tek opp til finansiering av veginvesteringar.
2. Garantien gjeld for hovedstol på inntil 750 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovedstol til dekning av påløpne renter og omkostningar.
3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av innkrevjingsperioden for bompengar (12 år) med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskriften § 3.

Det er enno ikkje teke opp lån eller stilt garanti for dette prosjektet. Nordhordlandspakken AS skal avviklast og prosjekta skal leggjast inn under Ferde AS.

Fylkesrådmannen rår til at det vert gjort tilsvarande garantivedtak overfor Ferde AS. 2032 kan setjast som utløpsår for garantien.

Årsnes ferjekai

Årsnes ferjekai vart opna 1. juli 2010. Sidan den tid har det vore kravd inn bompengar på ferja Årsnes-Gjermundshavn. Fylkeskommunen har vore «bompengeselskap» for dette prosjektet.

Ved siste årsskifte stod det igjen 16 mill. kr på bompengelånet. Lånet vil bli nedbetalt i løpet av 2020.

For at Ferde AS skal kunne ta over lånet i Kommunalbanken, må fylkeskommunen stille garanti.

Det eksisterande lånet har forfallsdato 20.10.2025. Fylkesrådmannen rår til at garantitida vert sett til utgangen av 2026.